



Årsmelding 2021

Styret hadde slik samansetjing:

Anna Margrethe Drægebø Moe – leiar

Jorunn Vestre - kasserar

Björg Hjelmseth - styremedlem

Torill Sandvik – styremedlem

Marit Abelvik – varamedlem

Arna Øvrebust – varamedlem

Varamedlemmene vert kalla inn til styremøta.

Valkomit :

Brit Skjelten, Marie Fl en Hovde og Ann Elise Dyrkorn – valt for 1  r

Revisorar:

Reidun Torpe Langhaug og Torbj rn Hove – valt for 1  r

Seinare valde styret Anna Margrethe til sekret r og studieleiar.

Styret hadde 5 m te og behandla 34 saker.

Pandemien og periodevise restriksjonar.

Tiltaka for   hindre smittespreiing gjorde at det har vore f rre aktivitetar, men vi gjennomf rte  rsm tet fysisk med ein meters avstand (og munnbind) mellom  rsm tedeltakarane. Vi hadde aktivitetar som operatur til Nordfjordeid (Musicalen *Jorda rundt p  80 dagar*), den tradisjonelle tytteb rturen med overnatting for dei som  nskte det, mange turar i n rmilj et, nabolaget og  lesund kommune, julekonsert i Spjelkavik kirke, haustfest p  frivilligsentralen, bading p  Muritunet i november/desember og julebord p  Bl tind.

Informasjon og synleggjering

Mental Helse Stordal har blitt synleggjort i Bygdebladet og Storfjordnytt fleire gonger.

Ogs  i 2021 blei heimesida brukt aktivt med jamnleg oppdatering for   informere medlemmene og markedsf re Mental Helse Stordal. I alt 38 artiklar blei lagt ut. Artiklane blir delte p  facebook. Anna Margrethe er redakt r.

Samarbeid, kurs, p skj ningar, andre aktivitetar m.m.

Mental Helse Stordal har gjennomf rt 11 kurs knytta til aktivitetar i lokallaget. Kursa utgjorde i alt 70 timar med 81 deltakarar. Dei gjev inntekter til lokallaget.

Dei fleste aktivitetane kan rapporterast til Bufdir gjennom Mental Helse og genererer midlar.

Gledeleg var det å kunne invitere alle medlemmene til haustfest på frivilligsentralen der Bjørgs sigøynerkoteletter og karamellrull blei servert til 20 deltakarane. Som punktum for året inviterte vi alle medlemmene til julebord på Blåtind med 22 deltakarar. Menyen var fem-rettars latvisk julemat. Elin Dyrkorn leia allsongen, song solo og spelte slåttar på fela.

Representasjon og brukarmedverknad

Marit er leiar for valkomiteen i fylkeslaget i Mental Helse. Ingrid Løset er medlem i Mental Helse sitt kontrollutval. Ho er også brukarrepresentant i gruppa som arbeider med Helseplattform i regionen Helse-Midt. Ingrid sit i arbeidsgruppa for Kvalitets- og pasientsikkerhetsutvalget i Helse Midt, er medlem i Kvalitetsrådet for psykisk helse og rus i Helse Møre og Romsdal, samt brukarrepresentant i styret for Muritunet. Anna Margrethe er medlem i fylkesstyret MH Møre og Romsdal og er fylkeslaget sin studieleiar. Ho er også studieleiar i Studieforbundet Funkis Møre og Romsdal. Sentralstyret oppnemnte henne som medlem i utvalet som skal vurdere landstyre/leiar møte.

Som brukarorganisasjon er det viktig å vere med og utforme/påvirke tenestetilbodet i eigen kommune. Torill trekte seg som medlem i Rådet for menneske med nedsette funksjonsevner i Fjord kommune på vårparten. På ettersommaren blei Anna Margrethe valt til ny medlem i rådet og Ingrid Løset blei varamedlem. Torill sit i styret for Stordal frivilligsentral. Jorunn Vestre sit i Rådet for menneske med nedsette funksjonsevner i Ålesund kommune.

Etter oppmoding frå lokallaget vårt vil elderrådet i Fjord kommune informere om framtidfullmakt som inneber at ein kan bestemme over si eiga framtid dersom ein skulle kome i ein situasjon der ein ikkje kan ta hand om egne interesser. Fjord kommune vil bli mint om saka.

29. oktober møtte Alfild Midtbust, Anne Grete Støle og Anna Margrethe på opninga av frivilligsentralen i Valldal. Frivilligsentralen er samlokalisert med biblioteket.

Mental Helse Skodje/Ørskog markerte utpå hausten eittårsdagen for opninga av aktiviteten Sommarfuglen. Jorunn, Bjørg og Marit møtte.

På fylkeslaget sitt desentraliserte kurs i Teams på Sjøholt deltok Bjørg, Jorunn, Ingrid og Anna Margrethe. Det var først fysisk samling, deretter oppfølging på Teams.

Fjord kommune inviterte til deltaking på idedugnad på frivilligsentralen vedkomande «Leve heile livet». Alfild Midtbust og Torill deltok.

Tema på medlemsmøta


Medlemsmøta er opne for alle, også ikkje medlemmer, som er interesserte i temaene og arbeidet vi driv. Av ulike grunnar har det ikkje blitt medlemsmøte i år.

Medlemstal og grasrotgjevarar

Vi fekk tre nye medlemmer, og medlemstalet er 59. 24 har valt MH Stordal som grasrotmottakar. Grasrotmidlane er med og finansierer aktivitetar for medlemmene.

Mental Helse Stordal rettar stor takk til alle som støttar arbeidet vårt gjennom medlemskap, vel oss som grasrotmottakar, hjelper til med gjennomføring av aktivitetar og deltek på aktivitetane. Alt dette inspirerer til vidare innsats.


Anna Margrethe Dragebø Moe
leiar


Torill Sandvik
styremedlem


Jorunn Vestre
kasserar


Bjørg Hjelmseth
styremedlem